



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 51

(2000-2001)

Om tilføring av innskotskapital og auka
låne- og garantiramme for Statkraft SF

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 2. mars 2001,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing og samandrag

Det pågår no ei omfattande restrukturering av kraftnæringa i Noreg og Europa. Statkraft ynskjer å spele ei aktiv rolle i denne prosessen. Det forutset ei finansiell styrking av føretaket.

I august 2000 søkte Statkraft om å få tilført 5 mrd. kroner i ny innskotskapital og at låne- og garantiramma samstundes vert auka med 10 mrd. kroner.

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2001 vart det vedteke ein utbyttepolitikk for rekneskapsåra 2000-2003 som gjev eit vesentleg høgare utbytte enn det Statkraft hadde lagt til grunn i kapitalsøknaden. Kapitalinnskotet må aukast med om lag 1 mrd. kroner dersom investeringsevna til føretaket ikkje skal vere påverka av dei høgare utbytta.

Statkraft ventar at dei vil trenge ytterlegare kapitalinnskot og auke i låne- og garantiramma i åra som kjem.

Departementet meiner Statkraft SF har gått gjennom ei vellukka endring frå forvaltningsbedrift til eit veldrive og fokusert forretningsmessig føretak i ein konkurranseutsett marknad. Avkastninga har vore tilfredsstillande sjølv om kraftprisane har vore låge. Departementet meiner Statkraft er i posisjon til å auke verdiskapinga gjennom ekspansjon og aktiv deltaking i omstruktureringa av næringa. Det vil også bidra til å sikre framleis vesentleg offentleg eigarskap i kraftnæringa i Noreg. Med aukande internasjonal konkurranse er det viktig med eit handlekraftig offentleg norsk kraftselskap av ein viss storleik.

I tilknytning til handsaminga av kapitalsøknaden frå Statkraft engasjerte departementet konsulent- og revisjonsfirmaet Ernst & Young for å vurdere strategien og kapitalsøknaden. Etter departementet sitt syn gjev rapporten gode argument for å tilføre føretaket innskotskapital og auke låneramma. Rapporten frå Ernst & Young vert lagt fram som uttrykt vedlegg. Strategien til Statkraft er også omtala positivt i to eksterne verdivurderingar som vart framlagt i august 2000. Verdivurderingsrapportane er offentleggjort tidlegare, og er omtala i St.prp. nr. 1 (2000-2001).

Departementet tilrår at Statkraft vert tilført 6 mrd. kroner i ny innskotskapital og at departementet får fullmakt til å auke låne- og garantiramma med inntil 10 mrd. kroner.

2 Utviklinga i Statkraft

Statkraft vart stifta i 1992 som eit statsføretak etter ei omorganisering av forvaltningsbedrifta Statkraft. Statsføretaksforma vart valt for å gje Statkraft stor grad av forretningsmessig fridom, samstundes som ein kan ivareta sektorpolitiske omsyn. Styret i Statkraft er ansvarleg for den forretningsmessige drifta, mens departementet mellom anna legg konkrete føringar for dei sektorpolitiske oppgåvene.

Grunna sektorpolitiske omsyn har Statkraft vore pålagt å inngå avtaler for å forsyne den kraftkrevjande industrien og treforedlingsindustrien. Ein stor del av kraftproduksjonen til Statkraft er bunde opp i slike avtaler. Avtalene minkar ein god del i omfang fram mot 2010.

Dei fyrste åra etter stiftinga vart brukt til intern endring av organisasjonen frå forvaltningsorientering til marknadsorientering. Investeringsomfanget vart kraftig redusert i denne perioden. I 1993 kjøpte Statkraft 100 pst. av aksjane i Finnmark Energiverk AS. I desse åra inngjekk Statkraft langsiktige kraftutvekslingsavtaler med europeiske kraftselskap.

I 1996 gjekk Statkraft inn i ein ekspansjonsfase for å styrke posisjonen i den norske- og nordiske kraftmarknaden. Dette innebar kjøp av eigardelar i fleire norske energiselskap. Sidan 1996 har Statkraft kjøpt 20 pst. av Oslo Energi Produksjon AS, 26 pst. i BKK AS, 49 pst. i HEAS, 34 pst. i SKK AS og 34 pst. i Vestfold Kraft AS. Statkraft har investert totalt ca 10,8 mrd. kroner i norske kraftselskap sidan 1992.

SKK og Vestfold Kraft fusjonerte 01.01.2001, og danna selskapet Skagerak Energi AS. Eigardelane til Statkraft i det fusjonerte selskapet utgjer 34 pst. Eigarane i Vestfold Kraft har ei opsjonsavtale om sal av ytterlegare eigardelar. Avtala gjeld til 30.06.2001, og dersom den vert nytta vil Statkraft eige 66,6 pst. i Skagerak Energi.

Parallelt med at Statkraft kjøpte seg opp i norske kraftselskap, gjorde dei omfattande investeringar i det svenske energiselskapet Sydkraft AB. Sidan 1996 har Statkraft investert 11,3 mrd. kroner i selskapet, og har no negativ kontroll i selskapet. Pr. 15.02.2001 eig Statkraft aksjar tilsvarende 35,1 pst. av kapitalen.

I samband med dereguleringa av kraftnæringa på kontinentet, etablerte Statkraft kontor for engroshandel med kraft i Nederland og Tyskland i 1998-1999.

I 1997 og 1998 gjorde Statkraft kraftavtaler med Norske Skog ASA og Norsk Hydro ASA som er med på å dekke det langsiktige kraftbehovet til desse konserna etterkvart som kontraktane gjort på vilkår frå myndigheitene går ut.

Som eit ledd i å fokusere på kjerneverksemda vart Statkraft Anlegg AS selt til NCC Norge AS i 1999.

Statkraft har sidan 1997 utvikla eit samarbeid mellom Statkraft Engineering AS og Grøner AS. I 2000 vart Statkraft Grøner AS danna. Statkraft eig 100 pst. av dette selskapet, som er eit tverrfagleg rådgjevningsfirma innan ingeniør-, miljø- og forretningsrådgjeving.

2.1 Utviklinga i økonomiske forhold

Opningsbalansen til Statkraft vart grunna på ei verdivurdering av føretaket. Den gongen la ein til grunn at kraftprisane etter nokre år ville stige til eit nivå som avspeglar kostnadane ved ny kraftutbygging (langtidsgrensekostnad), noko som innebar at balansen om lag vart dobla i forhold til bokførte verdiar. Ved stiftinga vart Statkraft finansiert med 40 pst. eigenkapital, 30 pst. ansvarleg lån og 30 pst. ordinære lån. Det vart fastsett ei låne og garantiramme på 25 mrd. kroner som ei øvre grense for kva statsføretaket kunne oppta av lån og ta på seg av garantiforpliktingar. Ramma skal fungere som ei sikring for å avgrense mogeleg statleg ansvar. Den skal ikkje vere eit instrument for detaljstyring frå staten.

Statkraft sine kjøp av eigardelar i andre kraftselskap vart støtta av Stortinget i 1996 og 1999 ved at innskotskapitalen vart styrkt. I 1996 vart 3 mrd. kroner av føretaket sitt ansvarlege lån gjort om til innskotskapital for å auke Statkraft sin finansielle handlefridom i samband med restruktureringa av kraftmarknaden i Noreg og Nord-Europa, jf. St.prp. nr. 26 (1996-97) og Innst. S. nr. 95 (1996-97). Av same årsak vart resten av det ansvarlege lånet på 3,85 mrd. kroner gjort om til innskotskapital i 1999, jf. St.prp. nr. 18 (1999-2000) og Innst. S. nr. 66 (1999-2000). Låne- og garantiramma vart auka frå 25 mrd. kroner til 32,5 mrd. kroner i 1996, jf. St.prp. nr. 58 (1995-96) og Innst. S. nr. 283 (1995-1996). Låne- og garantiramma vart vidare auka til 42,5 mrd. kroner i 1999, jf. St.prp. nr. 18 (1999-2000) og Innst. S. nr. 66 (1999-2000).

I det fyrste driftsåret, 1992, hadde Statkraft eit underskot på vel 1 mrd. kroner etter skatt. Kraftprisane var svært låge dette året. Resultata betra seg deretter frå år til år, mellom anna på grunn av høgare kraftprisar og gevinstar i kontraktmarknaden. I dei siste åra har resultata flata ut. Dette skuldast i stor grad at høge tilsig sidan 1997 har gjeve låge kraftprisar.


Sjølv om resultata var svake i starten, betalte Statkraft svært høge skattar, noko som hadde årsak i eit skattesystem som var uavhengig av lønsemda. For rekneskapsåra 1992-1996 utgjorde betalbare skattar i gjennomsnitt over 100 pst. av årsresultatet før skatt for Statkraft SF. Etter innføringa av nye skattereglar frå 1997 avheng skattane no meir av resultatutviklinga. Skattebøra er likevel høg. I gjennomsnitt for rekneskapsåra 1997-1999 utgjorde betalbare skattar om lag 50 pst. av årsresultatet før skatt for Statkraft SF. Produksjonsavgifta som gjaldt frå 1993 til og med 1997 er ikkje medrekna.

Statkraft betalte ikkje utbytte til og med rekneskapsåret 1997. Det skuldast underskot i åra 1992-1994, og at overskota i åra 1995-1997 vart ført mot udekt tap, i samsvar med statsføretakslova. Etter at Statkraft byrja å betala utbytte frå rekneskapsåret 1998, har utbytta vore høge. I 1998 vart all fri eigenkapital betalt i utbytte, mens utbyttet i 1999 utgjorde 64 pst. av årsresultatet etter skatt. For 2000 er utbyttet sett til 750 mill. kroner, avgrensa til 75 pst. av årsresultatet etter skatt. Overslaga på resultat som føreligg, tyder på at utbyttet for 2000 vil utgjere 75 pst. av årsresultatet. Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2001 vart det fastsett ein langsiktig utbyttepolitikk for Statkraft på 50 pst. av årsresultatet etter skatt. Denne skal gjelde for rekneskapsåra 2001-2003.

Figur 2.1 syner resultatutviklinga før og etter skatt for Statkraft konsernet frå 1992 til 1999, med anslag for 2000. For åra 1996 og 1997 avvik resultata

etter skatt i figuren frå dei offisielle årsresultata for konsernet. Dei offisielle årsresultata for desse to åra var sterkt påverka av rekneskapstekniske forhold knytt til innføringa av nye skattereglar. For 1996 vart det teke utsett skattavsetnader som reduserte årsresultatet etter skatt med 521 mill. kroner. For 1997 vart denne avsetninga reversert, noko som auka årsresultatet etter skatt med 521 mill. kroner. Figuren viser kva årsresultata i 1996 og 1997 ville vore utan denne avsetninga og reversering av avsetninga. Desse rekneskapstekniske forholda påverkar ikkje dei betalbare skattane som er omtala ovanfor. Tala for 2000 er anslag som kan verte endra.

Figur 2.1 syner også korleis årsresultata har vore disponert mellom eigar og føretak. Utbyttet som eigar har tatt ut sidan rekneskapsåret 1998 har redusert dei beløpa som Statkraft mellom anna kunne nytta til investeringar. For rekneskapsåret 2000 er det venta at vel 10 pst. av resultatet før skatt vert verande att i føretaket.



Figur 2.1

Den rekneskapsmessige avkastninga til Statkraft har vore låg i heile perioden etter stiftinga. I åra 1992-1999 har den rekneskapsmessige eigenkapitalavkastninga etter skatt variert frå minus 9,0 pst. i 1992 til pluss 7,9 i 1997 og ned til omlag 3,8 pst. i 2000. Desse avkastningstala kan ikkje samanliknast med avkastningskravet til eigenkapitalen etter skatt på 11 pst. som er sett for Statkraft, jf. St.prp. nr. 1 (1999-2000) og St.prp. nr. 1 (2000-2001). Dette kravet forutset at avkastninga vert målt i høve til marknadsverdiar. Sidan Statkraft ikkje er børsnotert er det naudsynt å gjennomføre verdivurderingar med jamne mellomrom for å kunne vurdere marknadsverdien av føretaket.

Sommaren 2000 gjennomførte to uavhengige konsultentselskap verdivurderingar av Statkraft. Desse vurderingane indikerer at avkastninga har vore om lag på nivå med kravet til avkastning sjølv om kraftprisane på 1990-talet har vore vesentleg lågare enn det som opningsbalansen til Statkraft var basert på. Framtidige forventningar i marknaden er også vesentleg lågare no enn dei var i 1992. Desse forholda gjer det krevjande for Statkraft å oppnå ei avkastning på line med avkastningskravet. I St.prp. nr. 1 (2000-2001) var det gjeve ei nærmare omtale av verdivurderingane.

Vedlegg 1 syner nokre hovudtal for Statkraft.

3 Statkraft sin strategi og søknad om kapital

Statkraft sin visjon er å vere eit leiande nordeuropeisk energiselskap med spisskompetanse innan vasskraft. For å oppnå dette har Statkraft identifisert fem hovudmål som dekker dei viktigaste innsatsområda til føretaket. Ei vida-reutvikling av kjerneverksemda - kraftproduksjon og engroshandel med kraft - utgjer hovudelementet i strategien til Statkraft.

Dei fem hovudmåla er:

- maksimere lønsemda i eigen kraftproduksjon
- vidareutvikle og maksimere lønsemda innan krafthandel
- realisere lønsame kraftutbyggingar i Noreg
- auke produksjonskapasiteten gjennom oppkjøp
- utvikle lønsame kraftprosjekt i andre marknader

Statkraft vil *maksimere lønsemda i eigen kraftproduksjon* ved å oppretthalde og vidareutvikle den sterke posisjonen føretaket har innan drift av kraftverk og disponering av energi. I dette ligg mellom anna å optimalisere vedlikehald og rehabilitering, og å utnytte potensiale for oppgradering og utviding av produksjonskapasiteten i eksisterande anlegg.

Sidan 1992 har Statkraft bygd opp mykje erfaring og kompetanse innan handel med kraft i ein konkurranseutsett engrosmarknad. Deregulering av kraftnæringa i Europa, og auka samordning mellom landa, vil gje auka internasjonal handel med kraft. Utviklinga går i retning av ein felles europeisk kraftmarknad, som består av ein rekke delmarknader med ulike, men gjensidig avhengige prisar på kraft. Tilhøva på kontinentet vil få auka innverknad på kraftprisane i Noreg. Samstundes skjer det ei nærare samordning av gass- og kraftmarknadene. For å *vidareutvikle og maksimere lønsemda innan krafthandel* meiner Statkraft det er naudsynt å delta i dei ulike marknadene gjennom aktiv handel. Det vil auke forståinga av prisdanninga i Europa og verknadene på nordiske engrosprisar, samstundes som føretaket kan nytte kompetansen sin og hauste stordriftsfordelar i samband med handtering av informasjon, handelssystem og analyse. Vidare kan det gi grunnlag for betre disponering av energi og auka verdiskaping i kraftproduksjonen.

Statkraft ventar at overkapasiteten i produksjonsapparatet på kontinentet vert redusert i åra som kjem. Det vil bidra til å danne grunnlag for å *realisere lønsame kraftutbyggingar i Noreg*. Føretaket arbeider med ei rad utbyggingsprosjekt innan vasskraft og vindkraft, samt innan gasskraft gjennom deleigarskap i Naturkraft AS.

Statkraft ynskjer å *auke produksjonskapasiteten gjennom oppkjøp*. Føretaket viser til at restruktureringa no går fort, og at det er ei utfordring å forsvare den posisjonen føretaket har i dag. Utviklinga dei nærmaste åra er venta å vere avgjerande for fastsetjinga av strukturen og konkurranseposisjonen, både i den norske og europeiske kraftnæringa. Statkraft ser det som sannsynleg at utviklinga vil gå i retning av eit fåtal store aktørar. Ein sterkare posisjon i heimemarknaden vil styrke konkurransekrafta til Statkraft i høve til internasjonale konkurrentar. Kjøp av produksjonskapasitet legg til rette for realisering av stordriftsfordelar innan drift av kraftverk, marknadsanalyse og risikostyring. Føretaket ser for seg at oppkjøpa fyrst og fremst vil skje i Noreg, men kjøp i andre europeiske land er ikkje utelukka.

Statkraft ynskjer i utgangspunktet å kjøpe produksjonsanlegg, ikkje selskap. Sidan det i dag er vanskeleg å kjøpe produksjonsanlegg direkte, må føretaket kjøpe eigardelar i utvalde selskap. Sidan selskapa oftast er vertikalt integrerte, vil Statkraft difor indirekte også tileigne seg eigardelar innan nett- og sluttbrukarverksemd.

Dei finansielle framskrivingane som ligg til grunn i føretaket sin kapitaløkna, bygger på at Statkraft aukar sin eigardel og oppnår kontroll i dei norske selskapa dei no har inngått strategisk samarbeid med. I tillegg ynskjer Statkraft å gå inn i eit eller to større regionale selskap.

Statkraft legg opp til at dei tilknytte selskapa skal spele ei aktiv rolle i den regionale restruktureringa. Det vil mellom anna legge til rette for å realisere stordriftsfordelar innan nettverksemd og sluttbrukarverksemd. Særleg innan sluttbrukarverksemd vil det truleg vere naudsynt med eit svært stort kundegrunnlag for å sikre lønsemd i ein marknad med sterk konkurranse og små marginar. Statkraft ynskjer å bruke eigardelane sine slik at det vert etablert eit sterkt norsk, og etterkvart, internasjonalt sluttbrukarselskap.

Nett- og sluttbrukarverksemd ligg utanfor kjerneverksemda til Statkraft. Det vil difor vere aktuelt for Statkraft å revurdere sine eigarposisjonar på eit seinare tidspunkt etter å ha medverka til restrukturering og verdiauke. Dette kan ta mange år.


Eigarposisjonen i Sydkraft AB utgjør Statkraft sin hovudstrategi for å posisjonere seg i den nordiske kraftmarknaden utanfor Noreg. Sydkraft er det nest største energiselskapet i Sverige. Sydkraft driv mellom anna verksemd innan vasskraft, kjernekraft, alternative energikjelder og distribusjon av kraft og gass. Selskapet er godt plassert i høve til krafthandel mot kontinentet og mogeleg bygging av gasskraftverk i Sverige. Statkraft ser på eigarskapet i Sydkraft som langsiktig, og føretaket ser for seg eit djupare industrielt samarbeid i åra framover. Ytterlegare investeringar i Sydkraft er berre aktuelt i avgrensa omfang.

Dersom Statkraft gjennomfører dei investeringane som ligg til grunn for kapitaløkna, vil føretaket om lag doble produksjonskapasiteten sin fram mot 2007. Statkraft vil då venteleg rå over 15-20 pst. av produksjonskapasiteten i den nordiske marknaden.

Det siste hovudmålet i strategien til Statkraft er å *utvikle lønsame kraftprosjekt i andre marknader*. Statkraft ynskjer å utnytte og vidareutvikle kompetansen dei har innan prosjektering, bygging og drift av vasskraftanlegg ved å vere med på utbyggingsprosjekt utanfor Nord-Europa. Det største potensialet for ny vasskraft ligg i Asia og Latin-Amerika.

Statkraft har, på grunnlag av strategien som er omtala ovanfor, rekna med samla investeringar for åra 2001 til 2007 på om lag 55 mrd. kroner. Storparten av dette er knytt til auka produksjonskapasitet gjennom oppkjøp. Men Statkraft ventar også å investere ein god del i ny produksjonskapasitet utover i perioden mot 2007.

Figur 3.1 syner anslag på Statkraft sine investeringar for åra 2001 til 2007, fordelt på innsatsområder. Figuren syner også investeringane som vart gjennomført i åra 1992 til 2000.



Figur 3.1

I søknaden peikar Statkraft på at både omfanget av investeringane og fordelinga av investeringane over tid er usikre. Omfanget av investeringane vil mellom anna avhenge av prisutviklinga på kraft og utbyggingskostnaden for ny produksjonskapasitet. Tempoet og omfanget på restruktureringa av kraftnæringa vil også ha stor innverknad på føretaket sine investeringar. Alle investeringar må være lønsame og tilfredsstillende avkastningskravet til Statkraft.


For å kunne gjennomføre den langsiktige strategien til føretaket treng Statkraft auka investeringsevne. Føretaket har søkt om eit kapitaltilskot på 5 mrd. kroner og ei auke i låne- og garantiramma på 10 mrd. kroner.

Statkraft har vurdert storleiken på kapitalinnskottet og auken i låneramma på grunnlag av mellom anna forventningar til utviklinga i kraftprisane og vurderingar av omfanget og periodiseringa av investeringane. Føretaket har vidare lagt til grunn ein utbyttepolitikk på 30 pst. av årsresultatet etter skatt, og at bokført eigenkapitalandel skal ligge på rundt 40 pst. over tid. Statkraft ventar at dei vil trenge ytterlegare kapitalinnskott rundt 2004 på om lag 8 mrd. kroner. Venteleg må også låne- og garantiramma aukast ytterlegare i åra som kjem. Det er stor uvisse knytt til den framtidige trongen for kapital og auke i låneramma. Det vil avhenge av mange faktorar, mellom anna omfang og tidspunkt for investeringar og oppkjøp, prisutviklinga på kraftselskap, kraftpris, rentenivå, skattar, framtidig utbyttepolitikk m.v. Det framtidige kapitalbehovet kan også verte endra dersom Statkraft seinare skulle revurdere strategien i vesentleg grad.

4 Departementet si vurdering av søknaden

Rammevilkåra for den norske og europeiske energibransjen er i endring og det går i retning av auka marknadsopning og deregulering. Denne prosessen har utløyst ei kraftig posisjonering og omstilling blant større og mindre aktørar. I Noreg har mange kommunar og fylkeskommunar selt ut eigardelar i kraftselskapa. Denne utviklinga er venta å fortsette.

Samanlikna med andre land er den norske kraftnæringa prega av mange små selskap med oppstykkka eigarstruktur og svært avgrensa investerings- evne. Figur 4.1 syner produksjonskapasiteten for nokre europeiske kraftselskap.



Figur 4.1

Større aktørar har betre utgangspunkt for å hente ut stordriftsfordelar, byggje opp ny kompetanse, drive produktutvikling og gjennomføre langsiktige, kapitalkrevjande og risikofylte investeringar. Med raske endringar i marknaden er finansiell handlefridom ein viktig konkurransefaktor.

Departementet meiner at strategien til Statkraft er rett i høve til føretaket sin posisjon og utviklinga i næringa. Statkraft tek sikte på å styrke posisjonen i marknaden gjennom å fokusere på kjerneverksenda, ein prosess som starta i 1996. Vidare meiner departementet at føretaket har godt grunnlag for å gjennomføre strategien på ein forretningsmessig forsvarleg måte. Dette gjev grunn til å vente at strategien vil gje auka verdi på føretaket.

Departementet sluttar seg til hovudlinene i Statkraft sin strategi. Departementet vil understreke at føretaket må ha fridom innanfor denne hovudramma. Det er styret i Statkraft sitt ansvar å sjå til at strategien vert gjennomført på ein måte som er forretningsmessig forsvarleg. Styret er også ansvarleg for å revurdere strategien, og einskilte faktorar i den, dersom forretningsmessige forhold skulle tilseie det. Når omgivnadene til føretaket endrar seg raskt, er det spesielt viktig å ha eit aktivt forhold til ny informasjon og kunnskap.

I vurderinga av Statkraft sin søknad legg departementet også vekt på at det er ynskjeleg med eit handlekraftig offentleg eigd norsk kraftselskap i den aukande internasjonale konkurransen. Eit sterkt Statkraft vil bidra til å sikre framleis vesentleg offentleg eigarskap i kraftnæringa i Noreg.

Departementet legg til grunn at Konkurransetilsynet vil vurdere dei einskilte oppkjøpa som Statkraft gjer i marknaden, slik tilsynet har gjort når Statkraft tidlegare har erverva eigardelar.

Konkurranselova § 3-11 gjev Konkurransetilsynet fullmakt til å gripe inn mot bedriftsserverv dersom tilsynet finn at vedkommande erverv vil leie til eller forsterke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i strid med føremålet i konkurranselova.

Den finansielle stillinga til Statkraft gjer at føretaket ikkje kan gjere større investeringar på mange år dersom ikkje eigenkapitalen vert styrkt. Låge kraftprisar dei fyrste åra, høge skattar og utbytte gjev Statkraft låg investeringsevne frå drifta.

Ved etableringa av Statkraft vart det lagt til grunn at ein eigenkapitalandel på rundt 40 pst. var rimeleg og forsvarleg. Departementet finn det føremålstenleg at bokført eigenkapitalandel over tid bør vere kring dette nivået. Vesentleg lågare eigenkapitalandel enn dette vil føre til at skiftande prisar og renter vil få ein for stor verknad på føretaket. Pr. 31.12.2000 utgjorde den bokførte eigenkapitalandelen 39,1 pst.

I denne samanhengen legg departementet også vekt på at skatteutbetalinga til føretaket dei nærmaste åra i stor grad vil vere uavhengig av resultata. For åra fram mot 2007 utgjer til dømes utbetaling av naturressursskatt vel 50 pst. av forventa betalbare skattar for Statkraft. Det heng saman med at Statkraft, i ein ekspansjonsfase, må ta opp mykje lån for å finansiere investeringar. Høge finanskostnader fører til låge eller negative skattegrunnlag for overskotsskatten, mens utbetalinga av naturressursskatten er uavhengig av endringar i skattegrunnlaget. Ved stiftinga av Statkraft vart det oppretta ei låne- og garantiramme. I St.prp. nr. 100 (1990-1991) står det at «Rammen skal fungere som et sikkerhetsnett for å begrense mulig statlig ansvar og ikke være et detaljert styringsinstrument for staten».

Departementet legg til grunn at låne- og garantiramma til Statkraft ikkje er meint til å styre omfanget av føretaket sine investeringar. Staten som eigar har innverknad på omfanget av investeringane ved å ta stilling til tilføring av innskotskapital, fastsette utbyttepolitikk og stille krav til eigenkapitalandelen.

Statkraft hadde pr. 31.12.2000 totale låne- og garantiforpliktingar på om lag 37 mrd. kroner, medan låne- og garantiramma er på 42,5 mrd. kroner. Tilføring av innskotskapital legg til rette for fleire investeringar og dermed også eit behov for auka låneopptak.

Det er ikkje gunstig for føretaket å nå heilt opp til grensa for totale låne- og garantiforpliktingar. Dette har blant anna årsak i at resultatutviklinga og investeringsaktiviteten er usikker. Desse tilhøva kan føre til raske endringar i låne- og garantibehovet.

Departementet tilrår at Statkraft vert tilført 6 mrd. kroner i innskotskapital og at departementet får fullmakt til å auke låne- og garantiramma med inntil 10 mrd. kroner. Dette inneber at innskotskapitalen i Statkraft aukar frå 19,25 mrd. kroner til 25,25 mrd. kroner, og at departementet kan auke låne- og garantiramma frå 42,5 mrd. kroner til 52,5 mrd. kroner.

Tilrådinga om tilføring av innskotskapital skil seg frå det beløp Statkraft søker om grunna endringar i føresetnadene rundt utbyttepolitikken.

Statkraft vil for rekneskapsåret 2000 venteleg betale utbytte som svarar til 75 pst. av årsresultatet til konsernet etter skatt. For rekneskapsåra 2001-2003 er det lagt til grunn eit utbytte på 50 pst. av årsresultatet etter skatt, jf St.prp. nr. 1 (2000-2001). I søknaden la Statkraft til grunn eit utbytte på 30 pst. av årsresultatet. I tilrådinga frå departementet er det teke omsyn til dette ved at tilføringa av innskotskapital er oppjustert med 1 mrd. kroner samanlikna med Statkraft sin søknad. Denne oppjusteringa gjer at Statkraft får om lag den same investeringsevna som det føretaket søkte om.

I dei finansielle framskrivingane som ligg til grunn for Statkraft sin kapitalsøknad er det teke med investeringar i dei tre prosjekta i Saltfjell/Svartisen; Beiarn, Bjøllåga og Melfjord. Det er no mindre truleg at desse prosjekta vert realisert. Isolert sett vil ei skrinlegging av desse prosjekta redusere trongen for ny innskotskapital med om lag 0,5-0,75 mrd. kroner. Departementet tilrår at ein ikkje reduserer tilføringa av innskotskapital på grunn av at desse prosjekta vert lagt til side. Restruktureringa i næringa går no endå raskare enn det føretaket forventa når kapitalsøknaden vart utarbeida. Investeringar knytt til oppkjøp av produksjonskapasitet kan difor verte vesentleg framskunda i høve til det som var lagt til grunn i søknaden, jf. figur 3.1. Det vil vere uheldig dersom avgrensingar på kapitalsida fører til at føretaket må avstå frå lønsame investeringar. Som tidlegare nemnt forutset strategien ny tilføring av innskotskapital seinare, og ein må då vurdere kapitalbehovet på nytt.

5 Verknader på budsjettet

Departementet tilrår at Statkraft vert tilført 6 mrd. kroner i innskotskapital. På bakgrunn av dette vert det foreslått å løyve 6 mrd. kroner over kap. 1860 Statsføretak under Olje- og energidepartementet, post 90 Innskotskapital. Forslaget inneber at staten sin innskotskapital i Statkraft aukar frå 19,25 mrd. kroner til 25,25 mrd. kroner.

Vidare ber ein om at Stortinget gjev Olje- og energidepartementet fullmakt til å auke låne- og garantiramma til Statkraft med inntil 10 mrd. kronar, frå 42,5 mrd. kroner til 52,5 mrd. kroner, jf. forslag til vedtak II.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om tilføring av innskotskapital og auka låne- og garantiramme for Statkraft SF.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om tilføring av innskotskapital og auka låne- og garantiramme for Statkraft SF i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om tilføring av innskotskapital og auka låneramme for Statkraft SF

I

I statsbudsjettet for 2001 vert det gjort følgjande endringar:

Utgifter

Kap.	Post	Formål	Kroner
1860	(nytt)	Statsføretak under Olje- og energidepartementet (jf. kap. 4860)	
	90	Innskotskapital, vert løyyvd med	6 000 000 000

II

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet kan utvide låne- og garantiramma til Statkraft med inntil 10 mrd. kroner, frå 42,5 mrd. kroner til 52,5 mrd. kroner.

Vedlegg 1**Hovudtal for Statkraft**

Tal for 1992 er for Statkraft SF, dei andre åra er for konsernet.

Alle tal for 2000 er estimat pr. 15.02.2001, som kan verte endra.

Tabell 5.1:

<i>Resultat i mill. kroner</i>	2000	1999	1998	1997	1996	1995	1994	1993	1992
Brutto driftsinntekt	5 285	5 601	5 314	5 353	5 562	4 536	4 286	3 570	2 861
Driftsresultat	2 179	2 174	2 198	1 998	2 354	1 589	1 190	849	434
Resultatandel til-knytt selskap	657	442	315	255	-	-	-	-	-
Netto finanspostar	-1 139	-925	-882	-976	-668	-596	-582	-652	-745
Resultat før skatt	1 697	1 691	1 631	1 277	1 686	993	608	197	-311
Årsresultat ¹	811	946	887	1 228	455	328	-109	-518	-1066
Utbytte	608	600	309	-	-	-	-	-	-

¹ 1997 og 1998 er omarbeida i samsvar med ny rekneskapslov.

<i>Balanse pr. 31.12 i mill. kroner</i>	2000	1999	1998	1997	1996	1995	1994	1993	1992
Varige driftsmidler	25 596	26 095	26 520	27 272	28 301	28 935	29 710	30 430	26 550
Investeringar i dot-terselskap og til-knytt selskap	22 147	14 348	7 616	7 262	6 248	-	-	-	-
Øvrige anleggsmid-ler	4 105	3 821	3 602	3 431	1 838	710	502	299	3 926
Likvide midler	2 664	1 445	3 311	1 153	1 314	2 061	915	826	554
Øvrige omløpsmid-ler	905	1 339	1 362	957	1 388	1 115	724	779	671
Sum eigardelar	55 417	47 048	42 411	40 075	39 089	32 821	31 851	32 334	31 701
Innskotskapital	19 250	19 250	15 400	15 400	15 400	12 400	12 400	12 400	12 400
Annan eigenkapital	2 379	2 170	1 835	1 244	-920	-1 368	-1 696	-1 584	-1 066
Minoritetsinteres-ser	80	83	87	25	-	-	-	-	-
Sum eigenkapital	21 709	21 503	17 332	16 669	14 480	11 032	10 704	10 816	11 334
Ansvarlig lån til Sta-ten	-	-	3 850	3 850	3 850	6 850	10 050	10 050	10 050
Anna langsiktig gjeld	31 013	21 890	18 180	17 642	17 199	10 714	8 065	9 000	9 350

St.prp. nr. 51

14

Om tilføring av innskotskapital og auka låne- og garantiramme for Statkraft SF

Kortsiktig gjeld	2 694	3 655	3 059	1 914	3 560	4 255	3 032	2 468	967
Sum gjeld	33 708	25 545	25 089	23 406	24 609	21 819	21 147	21 518	20 367
<i>Sum egenkapital og gjeld</i>	<i>55 417</i>	<i>47 048</i>	<i>42 411</i>	<i>40 075</i>	<i>39 089</i>	<i>32 851</i>	<i>31 851</i>	<i>32 334</i>	<i>31 701</i>

<i>Nøkkeltal i prosent</i>	<i>2 000</i>	<i>1999</i>	<i>1998</i>	<i>1997</i>	<i>1996</i>	<i>1995</i>	<i>1994</i>	<i>1993</i>	<i>1992</i>
Totalrentabilitet etter skatt ¹	4,6	4,7	4,7	6,1	3,8	3,4	1,8	0,8	-0,7
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt ²	3,8	4,9	5,2	7,9	3,6	3,0	-1,0	-4,7	-9,0
Eigenkapitalandel ³	39,2	45,7	40,8	41,6	37,0	33,6	33,6	33,5	35,8

¹ Årsresultat + finanskostnader x 100

Gjennomsnittleg totalkapital

² Årsresultat x 100

Gjennomsnittleg egenkapital

³ Eigenkapital x 100

Eigardelar

=====

